

Haustemelding veke 39, 25. september- 1. oktober, 2023



Kva?	Kor?	Kor mykje?	Korleis?	Andre kommentarer
Pipeløk	Bak lageret	Ta det du vil ha	Klipp/knip av, ikkje riv opp med rota.	
Diverse urter og etande blomar	Bak lageret, i pallekarmene	Plukk litt av dei urtene du har lyst på	Klipp/knip av, ikkje riv opp rota.	
Basilikum.	I veksttunnell nr 1	Plukk det du vil ha	Klipp/knip av, ikkje riv opp rota.	
Diverse bønner	På hovudfeltet, ved sida av solsikkene til Anda blomstergard	Ta det du vil ha.	Klipp/riv forsiktig av	
Diverse blomar	Mellom plenen og stykket der det var kvitløk	Plukk deg ein bukett.		
Ruccola	På hovudfeltet, der det var kvitløk tidlegare i år, ved sida av blomane. Alle fire sortar er i same rekke.	Ta det du vil ha.	Plukk forsiktig blad av planten, ikkje riv opp planten	
Asiasalat, rød			Plukk forsiktig blad av planten, ikkje riv opp planten	
Asiasalat, grøn			Plukk forsiktig blad av planten, ikkje riv opp planten	
Redikk		Ta det du vil ha om det er nokon igjen.	Riv opp planten med rota.	
Grønnskål	På hovudfeltet. Midt i kålfeltet der nettet er tatt av.	4-5 blad	Ta av dei nederste bladene. Klipp/knip av blada, ikkje riv opp planten med rota.	Plukk gjerne bort gule, visne blad og kast dei om du ser nokon på planten der du haustar.
Rødt grønnskål	På hovudfeltet.	4-5 blad		
Hovudkål, Mikeli	På hovudfeltet	1 kål	Skjer av kålet og la resten av planten stå igjen.	

Stangselleri, tall Utah	På hovudfeltet, øverst ved steingjerdet.	Ta så mykje du vil	Skjer av stangsellerien heilt nede ved bakken.	Stangsellerien er ikkje så fin lenger, men ein del av dei innerste stilkane er fortsatt saftige og fine.
Solsikke Hella	På hovudfeltet. Mellom fenikkel og rotselleri	2-3 blomar om du finn nokon		
Sellerirot	På hovudfeltet, ved sida av dei små solsikkene. Ta frå enden av rekka.	4 sellerirot	Dra sellerien opp med rota. Den har veldig kraftig rotsystem. Om du ikkje får den opp, så bruk ei greip. Skjer av røtene, så du ikkje får med deg så mykje mold heim. Kast lauvet på bakken, men ikkje oppå dei andre selleriplantene.	
Pastinakk	På hovudfeltet, mellom gulrot og rotselleri	3 pastinakk	Dra pastinakken/persillerota/gulrota opp med lauvet. Om du ikkje får den opp, så bruk ei greip. Kast lauvet på bakken, men pass på at du ikkje legg det oppå dei plantene som ikkje er hausta ennå. Du kan også gje lauvet til geitene om du vil.	
Persillerot		6 persillerot		
Gulrot vanleg	På hovudfeltet.	40 gulrot. Ta frå enden av fåra. Ikkje plukk berre dei største nå lenger.		Du kan ta 120 gulrøter til saman i veke 38-41. Om du vil ta alt på ein gong, så kan du det. Eller du kan fordele det utover dei tre vekene.
Gulrot rød		Ta det du vil ha om det er nokon igjen.		
Mangold	På hovudfeltet, nær hekken, ved sida av jordskokken	Ta det du vil ha	Klipp/riv av blada. Ikkje riv opp heile planten.	
Gulbete	På hovudfeltet	5 betar	Riv opp planten, vri av lauvet og kast det på bakken mellom radene. Pass på at lauvet ikkje hamnar oppå dei andre betane. Om du vil kan du også gje det til geitene.	
Rødbeter (dei runde)	På hovudfeltet	10 betar		
Mais	På hovudfeltet, nærast hekken	4 kolbar	Brekk av kolben	

Gresskar (Jack o Lantern) Dei store oransje (nytt denne veka)	På hovudfeltet, ved sida av maisen.	1 gresskar (om du ved ein feil har tatt eit slikt stort gresskar før, så tek du ikkje denne veka)	Klipp av/riv av gresskaret. Fint å få med litt av stelken. Den skal etterkvart tørka inn om du ikkje brukar gresskaret med det same.	
Diverse salatar	På hovudfeltet	Plukk nokre salatblad av det du finn.		
Purreløk (nytt denne veka)	På hovudfeltet, mellom salat og løkfeltet.	1 putteløk (ta av dei største)		
Hokkaidogresskar	I nokre pallekarmar i legarebygget.	1 gresskar om det er nokon igjen.		
Poteter (Nansen, røde)	I ein kasse i lagerbygget. Ta i den første kassen, nærast døra.	30 småpoteter eller 20 om dei er litt større.		

Veksthusandel

Kva?	Kor?	Kor mykje?	Korleis?	Andre kommentarer
Tomat – alle sortar (Kanskje siste veke)	I veksttunnell 2	Ta det du vil ha om du finn nokon som er fine.	Riv forsiktig av tomaten	Tomatane byrjar å rotne nå, så difor er det kanskje siste veka med tomater.
Paprika, sweet dream	I veksttunnell 2	1 paprika	Riv forsiktig av paprikaen	
Chilipepper, habanero	I veksttunnel 2, til høgre når du kjem inn døra	1 habanero om du finn ein som er moden (gul)	Du må leita under planten for å finna desse. Du ser dei ikkje ovanfrå. Riv forsiktig av chilien.	NB. Denne er ganske sterk, så du treng ikkje så mykje av den for å setja smak på maten.
Chilipepper, Cayenne	I veksttunnel 2, til venstre når du kjem inn døra	2 chilipepper om du finn nokon modne (røde)	Her må du også kanskje leita litt, får å finna dei. Riv forsiktig av planten.	